



Møteprotokoll

Utval:	Kontrollutvalet
Møtestad:	Ulvik folkebibliotek, Biblioteket
Dato:	06.10.2022
Tid:	10:00 - 13:00

Følgjande faste medlemer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Solveig Hellesnes Uppheim	Leder	V
Alf Gunnar Sortland	Nestleder	AP
Gunnbjørg Øyre	Medlem	SV
Terje Strømmen	Medlem	H
Håkon Gjerde	Medlem	V

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Følgjande varamedlemer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Andre som møtte:

Thore Hopperstad	Kommunedirektør
Janne Eraker	Revisjonssjef/Dagleg leiar, Vestlandsrevisjon IKS
Elin Bye	Rekneskapsrevisor, Vestlandsrevisjon IKS
Arne Gilbakken	Forvaltningsrevisor, Vestlandsrevisjon IKS
Helge Inge Johansen	Spesialrådgjevar, Vestland fylkeskommune

Solveig Hellesnes Uppheim
utvalsleiar

Helge Inge Johansen
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 5/22	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 6/22	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 02.06.2022	033	
	Politiske saker		
PS 10/22	Forvaltningsrevisjon - Etterleving av arkivrutinar og reglement - revisjonsrapport	217	
PS 11/22	Rullering av plan for eigarskapskontroll 2020-2024	216	
PS 12/22	Rullering av plan for forvaltningsrevisjon 2020 - 2024	217	
PS 13/22	Bestilling av forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll	217	
PS 14/22	Orientering frå kommunedirektør - nytt frå heradet	000	
PS 15/22	Forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga 2021 - Uttale frå revisor	216	
PS 16/22	Vurdering om Vestlandsrevisjon IKS er uavhengig i høve Ulvik herad	216	
PS 17/22	Vestlandsrevisjon IKS presenterer overordna revisjonsstrategi for Ulvik herad 2022	216	
PS 18/22	Budsjett for kontrollarbeidet i Ulvik herad 2023	151	
PS 19/22	Behandling av henvendingar til kontrollutvalet	219	
PS 20/22	Eventuelt	033	
	Referat saker		
RS 8/22	Vedtak - KS - Val av revisor for Ullensvang kommune	601	
RS 9/22	VS: Nytt fra FKT	073	

Godkjenningssaker

GK 5/22 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 06.10.2022 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det framkom merknad til PS 15/22 Forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga 2021 - Uttale frå revisor, frå revisjonen. Denne vart teken med under PS 15/22.

Vedtak

Innkalling og sakliste vart godkjent

GK 6/22 Godkjenning av møteprotokoll frå møte 02.06.2022

Saksprotokoll 06.10.2022 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det framkom ikkje merknader til møteprotokoll frå møte 02.06.2022.

Vedtak

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 02.06.2022 vart godkjent.

Politiske saker

PS 10/22 Forvaltningsrevisjon - Etterleving av arkivrutinar og reglement - revisjonsrapport

Forslag til innstilling

På bakgrunn av gjennomført forvaltningsrevisjon gjeldande etterleving av arkivrutinar og reglement ber heradsstyret kommunedirektøren syte for:

1. Å vurdere å innføre ein skriftleg rutine i arkivplanen knytt til utlån av dokument frå arkivet som sikrar at kun kopiar av originalen vert levert ut, for å minske faren for tap av viktige dokument.
2. Å undersøkje kvifor enkelte leiarar ikkje er nøgd med opplæring og kompetanse knytt til etterleving av arkivrutinar.
3. Å lage ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet sitt møte 08.12.2022, som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Saksprotokoll 06.10.2022 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forvaltningsrevisor orienterte om revisjonsrapporten og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Revisjonen hadde kommentar til opplysning i saksframlegget om at rapporten var blitt forseinka, og ville ha protokollført at rapporten ikkje var blitt forseinka.

Sekretariatet er ikkje samd i protokolltilførselen grunna kontrollutvalet sitt vedtak 20.05.21 om at rapporten skulle opp som sak i første møte 2022 (3. mars) og nytt vedtak i utvalet 03.03.22 om at rapport skulle sendast sekretariatet innan 06.05.22. og koma opp i utvalet sitt junimøte. Rapporten vart levert 17.06.22. og kom opp i utvalet sitt oktobermøte.

Sekretariatet har ikkje analysert kvar årsaka ligg, men meiner det totalt sett er god dekning for å meina at de er snakk om ei forseinking.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Innstilling

På bakgrunn av gjennomført forvaltningsrevisjon gjeldande etterleving av arkivrutinar og reglement ber heradsstyret kommunedirektøren syte for:

1. Å vurdere å innføra ein skriftleg rutine i arkivplanen knytt til utlån av dokument frå arkivet som sikrar at kun kopiar av originalen vert levert ut, for å minska faren for tap av viktige dokument.
2. Å undersøkje kvifor enkelte leiarar ikkje er nøgd med opplæring og kompetanse knytt til etterleving av arkivrutinar.
3. Å lage ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet sitt møte 08.12.2022, som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

PS 11/22 Rullering av plan for eigarskapskontroll 2020-2024

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet vedtek at gjeldande plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2024 vert vidareført slik den ligg føre.

Saksprotokoll 06.10.2022 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kontrollutvalet, revisjonen og sekretær diskuterte saka om rulleringsarbeidet. Kontrollutvalet vart einige i å vidareføre gjeldande plan for eigarskapskontroll slik den ligg føre og at det ikkje vert gjennomført eit rulleringsarbeid.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke

Vedtak

Kontrollutvalet vedtek at gjeldande plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2024 vert vidareført slik den ligg føre.

PS 12/22 Rullering av plan for forvaltningsrevisjon 2020 - 2024

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet vedtek at gjeldande plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024 vert vidareført slik den ligg føre.

Saksprotokoll 06.10.2022 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kontrollutvalet, revisjonen og sekretær diskuterte saka om rulleringsarbeidet. Kontrollutvalet vart einige i å vidareføre gjeldande plan for forvaltningsrevisjon slik den ligg føre og at det ikkje vert gjennomført eit rulleringsarbeid.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke

Vedtak

Kontrollutvalet vedtek at gjeldande plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024 vert vidareført slik den ligg føre.

PS 13/22 Bestilling av forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon/eigarskapskontroll innan.....
2. Utvalet ber Vestlandsrevisjon utarbeida forslag til prosjektplan i tråd med dei føringane utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
3. Utvalet ber Vestlandsrevisjon levere forslag til prosjektplan til sekretariatet seinast 17.11.2022, slik at kontrollutvalet kan handsama prosjektplanen i møte 08.12.2022

Saksprotokoll 06.10.2022 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kontrollutvalet diskuterte aktuelle forvaltningsrevisjons- og eigarskapsprosjekt etter dei gjeldande overordna planane, no er vedteke vidareført utan at ein skal gjennomføra rulleringsarbeid.

Kommunedirektør ønskjer at det vert gjennomført ein forvaltningsrevisjon innan området kjøp av tenester frå andre kommunar. Prisane på slike tenester har auka kraftig dei siste par åra, særleg etter kommunesamanslåinga. Tenestene dette gjeld er mellom anna barnevern, brann og redning, branntilsyn, PPT, kommunepsykolog og feiing.

Kontrollutvalet diskuterte innspelet til kommunedirektør og ein diskuterte ut i frå andre aktuelle prosjekt. Innspell frå kommunedirektør er viktig og uroa knytt til dei høge prisane er viktig å sjå nærare på. Kontrollutvalet vart einig i at det er viktig at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan dette området snarast.

Revisjonen vil utarbeide forslag til prosjektplan til neste møte i kontrollutvalet og vil før den tid ta kontakt med kommunedirektør for å avklare aktuelle områder til forvaltningsrevisjonen innan kjøp av tenester frå andre.

Forslag til vedtak , inkl. valt tema i punkt 1, vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan kjøp av tenester frå andre kommunar.
2. Utvalet ber Vestlandsrevisjon utarbeida forslag til prosjektplan i tråd med dei føringane utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
3. Utvalet ber Vestlandsrevisjon levere forslag til prosjektplan til sekretariatet seinast 17.11.2022, slik at kontrollutvalet kan handsama prosjektplanen i møte 08.12.2022

PS 14/22 Orientering frå kommunedirektør - nytt frå heradet

Forslag til vedtak

Informasjonen vart teken til orientering.

Saksprotokoll 06.10.2022 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kommunedirektør orienterte mellom anna om:

- Ulvik heradsstyre har endra tittelen på øvste leiar frå rådmann til kommunedirektør, tilsvarande vert ass. rådmann endre til ass. kommunedirektør.
- Flyktningar frå Ukraina - økonomi
- Planarbeid
- Organisering av helse og omsorg
- Brakanes skule
- Forvaltningsrevisjon - innspel til prosjekt til kontrollutvalet
- Samarbeid med revisjonen
- Heradet og kraft - eige forbruk
- Barnevernsreform
- Gamle sjukeheimen
- Konesjonskraft - Sal - Ulike modellar

Sekretariatet vidaresendte presentasjonen til kontrollutvalet og revisor 07.10.2022.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Informasjonen vart teken til orientering.

PS 15/22 Forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga 2021 - Uttale frå revisor

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek uavhengig revisor sin attestasjonsuttale om etterleving av føresegner og vedtak for økonomiforvaltninga til etterretning.
2. Med bakgrunn i punktet «grunnlag for konklusjon med atterhald», ber kontrollutvalet om at kommunedirektøren gjev ei orientering om kva som vert gjort vidare på området, i utvalsmøte 08.12.22.

Saksprotokoll 06.10.2022 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

I saksframlegget kjem det fram at det er gjennomført attestasjonsoppdrag knytt til vedtak om økonomireglementet. Revisjonen påpeika at dette er feil og at det er gjennomført attestasjonsoppdrag innan opphaldsbetaling sjukeheim - Langtidsopphald. Dette er ved ein inkurie blitt feil frå sekretariatet. Sekretariatet opplyste om at dette ikkje vert endra i saksframlegget, no som det er teken med i protokollen.

Rekneskapsrevisor orienterte om saka og resultatet etter forenkla etterlevingskontroll.

Vedtaket vart samrøystes vedteke

Vedtak

1. Kontrollutvalet tek uavhengig revisor sin attestasjonsuttale gjeldande opphaldsbetaling sjukeheim - Langtidsopphald til etterretning.
2. Med bakgrunn i punktet «grunnlag for konklusjon med atterhald», ber kontrollutvalet om at kommunedirektøren gjev ei orientering om kva som vert gjort vidare på området, i utvalsmøte 08.12.22.

PS 16/22 Vurdering om Vestlandsrevisjon IKS er uavhengig i høve Ulvik herad

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar eigenvurderingane frå oppdragsansvarleg revisor Elin Bye og oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor Arne Gilbakken, vedrørande om Vestlandsrevisjon IKS er uavhengig i høve Ulvik herad til etterretning.

Saksprotokoll 06.10.2022 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Revisjonen orienterte kort om uavhengighetserklæringa.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar eigenvurderingane frå oppdragsansvarleg revisor Elin Bye og oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor Arne Gilbakken, vedrørande om Vestlandsrevisjon IKS er uavhengig i høve Ulvik herad til etterretning.

PS 17/22 Vestlandsrevisjon IKS presenterer overordna revisjonsstrategi for Ulvik herad 2022

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tar Vestlandsrevisjon sin presentasjon av revisjonsplan og risikovurdering i samband med forenkla etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga til orientering.
2. Utvalet ber om at interimrevisjonsrapport 2022 vert klar til behandling i første møte i kontrollutvalet i 2023, med frist for levering til sekretariatet 15.01.2023.
3. Kontrollutvalet ber også om at uttale om resultatet av den forenkla etterlevingskontrollen vert levert til same møtet som årsrekneskapen for 2022 skal behandlast, normalt i mai-møtet 2023, sjølv om den nasjonale fristen er sett til 30.06.

Saksprotokoll 06.10.2022 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Rekneskapsrevisor orienterte om revisjonsplan og overordna revisjonsstrategi.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tar Vestlandsrevisjon sin presentasjon av revisjonsplan og risikovurdering i samband med forenkla etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga til orientering.
2. Utvalet ber om at interimrevisjonsrapport 2022 vert klar til behandling i første møte i kontrollutvalet i 2023, med frist for levering til sekretariatet 15.01.2023.
3. Kontrollutvalet ber også om at uttale om resultatet av den forenkla etterlevingskontrollen vert levert til same møtet som årsrekneskapen for 2022 skal behandlast, normalt i mai-møtet 2023, sjølv om den nasjonale fristen er sett til 30.06.

PS 18/22 Budsjett for kontrollarbeidet i Ulvik herad 2023

Forslag til innstilling

1. Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget for kontrollarbeidet i Ulvik herad.
2. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeidet fram til handsaming i heradsstyret.
3. Heradsstyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontrollarbeidet i 2023.

Saksprotokoll 06.10.2022 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Sekretær orienterte kort om budsjettforslaget slik det ligg føre og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget for kontrollarbeidet i Ulvik herad.
2. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeidet fram til handsaming i heradsstyret.
3. Heradsstyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontrollarbeidet i 2023.

PS 19/22 Behandling av henvendingar til kontrollutvalet

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek rettleiaren om behandling av henvendingar frå FKT til etterretning
2. Kontrollutvalet vedtek vedlagde retningsliner for handtering av henvendingar til kontrollutvalet i Ulvik herad med dei endringar som kom fram i møtet

Saksprotokoll 06.10.2022 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Sekretær orienterte kort om forslag til behandling av henvendingar til kontrollutvalet. Kontrollutvalet var einig i at det er viktig å få på plass slike retningslinjer.

Det kom ingen endringar til retningslinene slik dei ligg føre i saka.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tek rettleiaren om behandling av henvendingar frå FKT til etterretning
2. Kontrollutvalet vedtek vedlagde retningslinjer for handtering av henvendingar til kontrollutvalet i Ulvik herad .

PS 20/22 Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 06.10.2022 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Oppfølging av revisjonsrapport nr. 2 for 2021 frå Vestlandsrevisjon IKS

Bestillinga frå kontrollutvalet frå maimøtet var at det i dette møte skulle bli gjort greie for kva som vil verta gjort i høve tilrådingane i revisjonsrapporten. Saka er utsett til desembermøtet.

Vedtaket vart samrøystes vedteke

Vedtak

Kontrollutvalet ber om at kommunedirektør kjem i møte 08.12.2022 for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort i høve tilrådingane i rapporten

Referatsaker

RS 8/22 Vedtak - KS - Val av revisor for Ullensvang kommune

Saksprotokoll 06.10.2022 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det kom ikkje fram noko spesielt ved handsaminga av referatsaka.

Vedtaket vart samrøystess vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering.

RS 9/22 VS: Nytt fra FKT

Saksprotokoll 06.10.2022 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det kom ikkje fram noko spesielt ved handsaming av referatsaka.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering